

## Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Første spørsmål er om Vestland fylkeskommune vil handsame spørsmålet om å delta i eit mineralråd, finansiere det og følgje det opp vidare, eller om fylkeskommunen vil vurdere andre måtar å arbeide med utvikling av ei viktig næring i fylket. Etableringa av mineralrådet er eit lokalt initiativ frå dei to kommunane på kvar side av Førdefjorden der sjødeponiet frå rutil-uttaket er planlagt. Kor vidt mineralrådet er ein god modell for resten av Vestland fylkeskommune, bør greiast ut nærare. Fylkesordføraren meiner fylkeskommunen også bør vurdere andre måtar å arbeide med mineralressursar.

Eit anna spørsmål går på om fylkestinget i Vestland vil få høve til å uttale seg om planane for mineralutvinning i Engebøfjellet i Vevring. Fylkesordføraren viser til at fristen for å gje fråsegn til søknad om driftskonsesjon gjekk ut 15. september i år. Sunnfjord kommune fekk etter søknad høve til å gje fråsegn med frist 1. november 2019. Det ligg difor ikkje til rette for fråsegn frå Vestland fylkeskommune. Spørsmåla om ev støtte til Sunnfjord kommune i kravet om full utnytting av ressursane for å unngå bruk av sjødeponi, samt krav om ny totalvurdering av kjemikalier i Engebøprosjektet, blir dermed mindre aktuelle.

Trass i nokre etterhald, vil mineralressursar og mineralnæringa vere eit viktig saksfelt for Vestland fylkeskommune. Ei sak om korleis fylkeskommunen kan arbeide med feltet på ein god måte vil difor vere ønskjeleg. Administrasjonen opplyser at dei kan fremme ei slik sak i løpet av første halvår 2020.

I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten **Åsmund Berthelsen (SV)** sett fram slikt forslag til vedtak:

1. Vestland fylkesting ber Fylkesrådmann førebu ei sak om korleis fylkeskommunen kan medverke til ei berekraftig og framtidsretta mineralnæring i fylket. Saka skal til "Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon".
2. Utvalet skal særleg sjå på korleis fylkeskommunen kan følgje opp krav om full utnytting av ressursane.
3. Fylkestinget ber utvalet vurdere om eit mineralråd, slik Sogn og Fjordane fylkeskommune har gått inn for, er ein tenleg arbeidsmodell for å utvikle framtidas mineralnæringa på.

Fylkestinget tok stilling til om interpellasjonen skulle realitetsbehandlast.

35 av representantane (Sp, H, Frp, FNB, Pp) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3.